

Tour des Fjords, Brekke 25.mai

Program for dagen

07:30 Tur til Søtekollen med søtbollefrukost
11:00 Opning arrangement
11:15 Barnesykkelritt
12:20 Innskriving og møte med syklistane
13:20 Start 2.etappe Tour des Fjords
13:30 Sykkeshow med Eirik Ulltang
14:00 Brekke skulemusikk
15:00 Brekke mannskor
15:30 Tv sending start – vert vist på storskjerm
16:00 UKM – musikkinnslag
16:45 Konsert Kløver & Skarre R
17:30 Premieutdeling konkurransar
18:00 Målgong Norheimsund

Konferansier og musikalske innslag av Bjørn Jensen.

Vi er svært glade for at Tour des Fjords skal ha startstad i Brekke. Den 25.mai kjem heile sykkeleliten til Gulen kommune. Dette er stort, og vi vil at dagen skal bli ein folkefest for heile kommunen. Der kan du få møte sykkelryttarane på nært hald, ta del i barnesykkelrittet eller få med deg mykje av det andre programmet som skjer den dagen.

Vi håpar på mykje folk og at vi skal få vise oss fram på ein god måte og ha det kjekt i lag.

Velkommen til ein fantastisk dag i Brekke.

Alle er velkomne.

Hallvard Oppedal
Ordførar

Tour des Fjords

Dette sykkelløpet er av fleire beskrive som det vakraste rittet i heile verda, då er det jo naturleg at dei legg turen innom fagre Brekke og Gulen. Touren vart arrangert fyrste gong i 2013 og vitjar for fyrste gong

Sogn og Fjordane i år. På startlista finn vi mange internasjonale stjerner og totalt stiller 144 syklistar til start. Brekke har fått æra av å vere startstad for årets 2. etappe. Dette er eit stort arrangement for ein liten kommune som vår.

TV2 er på plass i bygda fram til startskotet går for rittet og vil filme barneritt, folkeliv, gjere intervju og filme bygda. Det er difor ekstra stas om alle gjer ein liten ekstra innsats for at bygda skal skine i all sin prakt. Vi oppmodar difor om at flagget vert heist og at bygda er strigla og fin.

Sendinga frå rittet blir kringkasta i fleire land, og vil starte kl 15:30. Sendinga vert synt på storskjerm og dei første 30 minutta vil vere frå Gulen.

Parkering og tilkomst

Då ein i stor grad nyttar vegen gjennom Brekke som arena vil vegen verte stengd. Det vil verte høve til å parkere ved Brekkestranda Fjordhotell, Brekke skule og på Ortneset.

Berre frå Tour des Fjords sin arrangørstab er det venta tett på 100 køyretøy. Så ver ven og følg parkeringsvaktane sine anvisningar.

Vegstenging

For å sikre ei trygg og god gjennomføring av arrangementet vil vegane i periodar verte heilt stengt. Endringar kan komme, sjå sida til vegvesenet for trafikkoppdateringar.

E39 vil vere stengd på strekninga Instefjord – Modalskrysset i perioden 13:15 – 15:00.

På strekninga Instefjord – Brekke, vil vegen vere stengd i perioden 12:30 – 13:45. På strekninga Rutledal- Brekke vil fylkesvegen verte heilt stengd ved gamlebanken allereie frå klokka 08:00, grunna opprigg av arena. Omkøyring mogleg for personbilar over Engesetvegen.

For dei som ikkje er så kjend i lokalgeografien, vil omkøyringa verte skilta.

Program og underhaldning på dagen

Me ynskjer at denne dagen skal vere ein folkefest for alle i Gulen, liten som stor og legg difor opp til eit variert program med innslag frå scena og aktivitetar på området



Bjørn Jensen

Bjørn Jensen presenterar seg som «Vestlandets offisielle leverandør av humor, musikk og humormusikk». Bjørn er et oppkomme av moro og galskap – du kjede deg ikke eit sekund med Bjørn på scena. Under dagen på Brekke vil Jensen stå for humorinnslag frå scena og skape lått og løye i bygda.



Kløver & Skarre R

Å skarre på R'ane er uhøyrd på ein stad som Brekke, like fullt har dei sagt ja til å gjere sitt forrykande hip hop show blant publikummarar med rullande R'ar.

Duoen har hatt stor suksess med låta «Null, null stress» og hausta sterke kritikkar for albumet «Mamma sier jeg er flink».

– Vi er ganske hyggelege, glade og positive gutar og skriv om slik vi er til dagleg, og korleis vi oppfattar ting. I tillegg spele vi mykje på humor, seie bandet i ein kommentar.



Lokale innslag

Brekke mannskor, Brekke Skulemusikk og fleire av våre flinke UKM-deltakarar kjem med musikalske innslag frå scena.



Eirik Ulltang

Med sine halsbrekkkande stunt på Svolvegeita vart Eirik kjend verda rundt for sine ekstreme sykkelferdigheter. Til Brekke kjem han med sitt eige spektakulære sykkelshow.

Mat og drikke for dagen

Frivillige lag i står for servering av mat denne dagen og menyen består av tradisjonell festmat.

Brekke Bygdekvinnelag stiller bunadskledde og serverar : Rømmegraut, grilla laks og kaffi.

Brekke IL serverar pølse og svele. Brekke Helselag stillar med forfriskande smoothies.

Takle og Hjartholm grendelag diskar opp med kaffi og kaker.

Coop Brekke vil halde sundagsopen butikk og serverar butikk laga betasuppe og delar ut is til dei yngre i publikummet.

Brekkestranda fjordhotell vil ha servering av dagens middag frå kl 14. Det vert i tillegg

mogeleg å komme i hop på hotellet etter løpet og ut i dei seine kveldstimar.

Fleire mattilbod kan komme til.

Aktivitetar på dagen

Me tykkjer det er så viktig å kosa seg litt og kva er vel då meir naturleg enn å få leika litt undervegs på dagen.

Desse aktivitetane er klare så langt:

- Hoppeslott
- Rebusløp
- Hinderløype for sykkel
- Hjartemarsj
- Gissekonkurrans med flotte sykkelpremiar.
- Klatretårn



Søtbollefrukost på Søtekollen

Ytre Sogn Turlag arrangerar tur til Søtekollen. Her vert det kaffi og bollar på toppen. Start for turen vert allereie klokka 0730 frå Brekke. På toppen vinkar me med flagg til TV2 sin drone. Er du med på turen er sjansen relativt stor for at du seinare dukkar opp på storskjerm.



Barnesykkelritt

Tour des Fjords arrangerar barneritt for barna 2-12 år gamle. Morgondagens vinnare er dagens unge ryttrar. Borna starter i pulje med born i same aldersgruppe og deltakinga er sjølvsagt gratis. For å unngå å stå i kø på sjølve dagen, kan det vere lurt å førehandsregistrere seg til rittet. Dette gjer ein enkelt på Tour des Fjords sine egne heimesider. Dei minste borna køyre ein

runde, medan dei større tek fleire. Traseen for løpet ser ein på skissa av arenaen.

Hugs å ta med hjelm og sykkel.



Brumle og Brumleline

Dei som har besøkt kongeparken tidlegare har kanskje møtt på desse to. Under barneløpet vil dei hoppe, heie, klemme og klappe dei minste i veg. Det vert sjølvsagt høve for borna å helse og snakke med dei undervegs.

Innskriving proffritt

Før sjølve rittet tek til, skjer innskrivinga der alle syklistane møter publikum og presse. Her vert det intervjuar med ryttrarane og høve til å treffe alle deltakarane. For dei som ynskje autografar er dette tidspunktet for å sikre seg ein.

Spørsmål

Har ein spørsmål kring dagen kan desse stillast til på mail eller telefon. Ein kan og finne informasjon på heimeside og facebook. Henvendingar på facebook vert svara løpande.

viggo.randal@gulen.kommune.no

577820009 – 90575822

Arena

På sjølve dagen vert Brekke sentrum tilrettelagd for start og aktivitetar. Sjølve arenaområdet finn ein mellom Coop og Joker butikkan. Her vil alle leiker, aktivitetar, matservering, underhaldning og sykkel finne stad



MOTORBIKES



ORGANISATION



INVITED GUESTS



PRESS



ALL TEAMS

Jury, Press, Race Headquarter

Sign In

Start Line

Trase barnerritt

